

Innspill fra Stiftelsen Bergen Nasjonale Opera

Bergen Nasjonale Opera vart etablert i 2006 for å skapa eit profesjonelt operatilbod til Bergen og Vestlandet, og er det klart største operamiljøet i Noreg, utanom Oslo. Me takkar for invitasjonen og initiativet til å koma med innspel til den nye scenekunststrategien. I dette innspelet svarar me berre for BNO sin eigen del.

- ***Hvilke utfordringer for utvikling, produksjon og formidling av opera står operafeltet/scenekunstmrådet overfor, og hvordan kan utfordringene løses? Gi eksempler.***

Operaproduksjon har ein lang planleggingshorisont, ofte to-tre år, men også opptil fem år ved større tingingsverk. Det skal knytast internasjonale kontaktar, gjerast avtaler med kunstnarar og eit stort prosjekt skal plasserast inn i ein balansert speleplan. Mykje skal klaffa, samordnast og godkjennast steg for steg i produksjonsprosessen.

Det å ha føreseielege økonomiske rammevilkår over tid, er derfor tryggande og naudsynt for å kunna ta gode avgjerder. Sjølv om det ikkje er store avvik i tildelingane frå Staten frå eit år til det neste, er det likevel eit krevjande moment av utryggleik å arbeida innafor eit eittårig økonomisk perspektiv. Det ville vera gunstig for oss, ja for heile scenekunstfeltet, å kunna halda seg til årlege rullerande økonomiske rammer som strekk seg over minst tre år.

Som medlem av NTO er me kjent med den pågåande dialogen om føreseielege rammer for heile scenekunstfeltet, der det argumenterast for eit nytt ledd i føremålsparagrafen som understrekar myndigheitene sitt ansvar for å sikra føreseielege rammevilkår for profesjonelle kulturinstitusjonar forankra i Grunnlova sitt infrastrukturskrav. Det er interessant at ny lov om mediestønad inneheld ei føresegn om fireårige styringssignal for NRK.

Slike rammer vil verka positivt på heile feltet. For BNO sin del kan me våga å ta større sjansar m.o.t. å utvida spelerepertoaret. Det betyr å innlema fleire fyrstegongsframsynigar i Noreg av verk frå den store kanonen, samt å tinga og framføra nye fullskala operaer. Dessutan vil eit meir variert spelerepertoar treffa betre blant nye publikumsgrupper og auka vår formidlingsverdi på sikt.

Ein betre økonomisk posisjon vil gje meir arbeid til sjeldne yrke som repetitørar, inspisientar og assistentdirigentar m.fl. Sideeffekten av dette er at personar med slik spesialkompetanse, som elles ikkje finst lokalt, vil freista å busetja seg i regionen.

- ***Hvordan kan situasjonen koronapandemien har skapt, benyttes som et utgangspunkt for mer omstilling og innovasjon innenfor operaproduksjon og -formidling? Gi eksempler.***

Takka vera at me over fleire år har opparbeidd oss ein betydeleg kompetanse på digitalisering, har me kunna nytta den kompetansen til vår fordel under pandemien.

Tidlegare var digitaliseringa hovudsakleg retta mot formidling av framsyningar over internett. Under pandemien har me sett på korleis me kan overkoma reise- og avstandsrestriksjonar i ei verksemd som fordrar ein stor grad av mobilitet og nærleik. I våre pre-produksjonsfasar har digitale møte med utanlandske kunstnarar hoppa bukk over stengde grenser. Der vi tidlegare fatta viktige avgjerder i fysiske møte, har me kome til semje via skjerm – og som gevinst har me spara miljøet for lange reiser og hotellopphald.

Som fyrste operaselskap i Norge kreerte me ein produksjon sist vinter der digitalisering var middelet som gjorde det mogleg å gjennomføra framsyningar trass i restriksjonar på alle kantar. Det kunstnarlege teamet instruerte songarar og teknisk mannskap via skjerm frå ei leilegheit i London, og koret sin kohort song frå Grieghallen sitt prøverom i ei digital oppkopling mot scene og sal. Dirigenten stod framfor sitt orkester som ein sentral der alle dei digitale einingane vart knytta saman, og leia framsyningane med glans. BNO er no ekspertar på digitale løysingar, og det gjev åtgåum i den internasjonale operabransjen.

Me merkar òg at pandemien har ført dei norske operaselskapa tettare saman om felles utfordringar i den vanskelege tida. Digitale møte har vorte ein del av kvardagen og nye faglege nettverk er oppretta for å løysa problem.

Desse erfaringane vil me ta med oss vidare og trekkje vekslar på dei. Me ser at det kan vera mykje å vinna om ein er kreativ på området.

Likevel vil me raskt understreka at opera per definisjon er ei fysisk kunstform. Det er det levande møtet med pusten mellom sal og scene som er operaen sin styrke. Den mellommenneskelege kontakten med alle dei sosiale aspekta som følgjer med, lèt seg ikkje erstatta av tekniske løysingar.

- ***Hvordan ønsker du at operafeltet skal se ut om 5-10 år? Kort beskrivelse.***

Som eit operaselskap i by nummer to i Noreg, treng me å bli prioritert for å kunna stå fram som eit alternativ til Nasjonaloperaen i Oslo. Det er naudsynt for kunstartens utvikling i landet å ha ulike syn på kva opera er - då særleg i eit kvalitetsdrivande samspel mellom dei to største byane, som elles i Europa. Skal me få dette til, må Staten gå inn med meir ansvar for utviklinga i Bergen. I selskap med Den Nationale Scene og Stiftelsen Musikkelskapet Harmonien er det viktig for BNO å bli sett i stand til å utøva oppdraget som eit nasjonalt kompani. Å oppnå nasjonal institusjonsstatus er ikkje det primære siktemålet – det viktigaste for oss framover er å sikra tilstrekkeleg finansiering til å kunna fullføra vår nasjonale funksjon og rolle.

BNO vil ha status som ein nasjonal operainstitusjon om 5 år. I tida vidare vil selskapet byggja seg opp til å kunna framsyna for publikum 4 fullsceniske operaer, 4 operaer i konsertutgåve, framsyningar retta mot familien og nye tingsingsverk. BNOs årlege, internasjonale operaakademi i august har allereie i 5 år markert seg som eit senter for utvikling av dei beste talenta i operafaget.

Om 10 år er musikkteatret i Griegkvartalet opna. Det nye musikkteatret skal ha eit framifrå akustisk rom og gje optimale forhold for framsyning av opera, ballett, dans og konsertar på eit høgt kunstnarleg nivå, og samstundes kunna tilpassast eit mangfald av musikalske og sceniske uttrykk. Bygnaden skal ha veleigna prøvefasilitetar, men skal ikkje husa egne fysiske verkstadfasilitetar.

Bergen Nasjonale Opera ser fram til nokre spanande år med vekst fram mot eit kraftsenter for opera her i vest, med tilhald i eit nytt musikkteaterhus i Bergen. Me trur at ein kvalitetsdrivande, sunn konkurranse med Nasjonaloperaen er til det beste for operamiljøet i Noreg. Ikkje minst vil dette gje ringverknadar for musikkteater, dans og drama over heile Vestlandet frå Rogaland i sør, til Sogn i nord – ei folkesetnad på storleik med heile Austlandet.

EIVIND GULLBERG JENSEN

Operasjef / Artistic and General Director